



Einar Monsen v/Marit Holm Monsen
Bjørndalsveien 52
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/4139 - 15/11647

Saksbehandlar:
Tore Johan Erstad
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:
10.06.2015

GBNR 6/23 m.fl - Klage på vedtak - Førebels svar og orientering om saksgong mv

Orientering om saksgong:

Vi viser til din klage journalført 27.5.2015 vedkomande søknad om dispensasjon for tilkomstveg til fritidsbustad på ovnanemnde eigedom. Juridisk rådgivar Tore Johan Erstad er sakshandsamar for klagen.

I samsvar med Meland sitt delegasjonsreglement, skal saka handsamast av Utval for drift og utvikling (UDU). Første møte etter sommaren blir truleg 2.8.2015. Møtet vert halde i formannskapssalen på rådhuset og er opne for publikum. Dersom klagen vert teken til følgje, treff utvalet nytt vedtak. Blir klagen ikkje teken til følgje av UDU, blir saka sendt Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

Dersom utvalet skal ha synfaring, blir det sendt ut eigen informasjon om dette. Når UDU har handsama saka, blir det sendt ut orientering om dette i eige skriv.

Til innhaldet i klagen:

Etter ei førebels gjennomgang av saka, ser administrasjonen at klagen delvis er grunngjeven med ulikehandsaming. For å kunne vurdere desse påstandane oppmodar administrasjonen om at klagar opplyser konkret kva for eigedomar (gards- og bruksnummer, eventuelt adresse) klagar meiner har fått løyve til å lage veg, og som er samanliknbare med eigedomen klagen gjeld. Administrasjonen ber om at eventuelle merknader blir sendt inn innan 15.7.2015.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
konsulent byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Einar Monsen v/Marit Holm
Monsen

Bjørndalsveien 52 5918

FREKHAUG